


Plan for samanheng mellom barnehage, skule og SFO

Laget rundt barna



Innholdsliste

- 1. Innleiing, visjon og mål**
- 2. Forankring**
- 3. Laget rundt barna**
- 4. Verdisyn og barnet sin medverknad**
- 5. Arbeid med å involvere foreldra**
- 6. Digitale ressursar**
- 7. Årshjul**
- 8. Evaluering og justering av planen**
- 9. Mandat for arbeidet og arbeidsgruppe**
- 10. Arbeidsgruppe**

1. Innleiing, visjon og mål:

Visjonen i sektor oppvekst: Volda kommune har trygge barn, unge og vaksne som deltek, meistrar og lærer.

“Barnehagen og skolen skal bidra til at barn og unge blir trygge og trives...»

«Barna og elevene skal møte tydelige forventninger og få hjelp til å takle både medgang og motgang. Barna og elevene må ha voksne rundt seg som gir støtte og omsorg, enten de må ha hjelp til å finne seg en venn, delta i lek eller lære seg å lese, skrive og regne og forstå samfunnet vi lever i. Barn og elever får det beste grunnlaget for å utvikle seg sosialt og faglig, hvis de opplever at de er en verdifull del av fellesskapet og blir godtatt som de er. De skal føle at de hører hjemme i samfunnet, og at det er bruk for dem og de perspektivene og meningene de har.»

*«Inkludering handlar om å tilpasse læringsmiljøet til mangfaldet blant barn og elevar, og gi alle reell muligheit til å delta i det faglege og sosiale fellesskapet»
(St.meld.6 (2019-2020 tett på..))*

2. Forankring:

[Barnekonvensjonen](#)

[Barnehagelova §§ 2 A og 3](#)

[Opplæringslova § 13-5](#)

[Rammeplan for barnehagen, kap 6](#)

[Frå eldst til yngst, rettleiar](#)

[Rammeplan for SFO](#)

[Oppvekstplan 2022-2027](#)

3. Laget rundt barna

“Laget rundt barna og elevene består av lærere og andre ansatte i barnehage, skole og SFO, barnehage- og skoleeiere, ansatte i PP-tjenesten og andre tverrfaglige tjenester i kommunene og fylkeskommunene. Eksempler på slike andre tverrfaglige tjenester er helsestasjoner og skolehelsetjenesten, barnevern, barne- og ungdomspsykiatrisk tjeneste (BUP) og andre sosiale tjenester” (Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis)

[Film: trygge-og-gode-overganger/](#)

[Autoritativ vaksenstil i barnehage, skule og SFO. varme-trygge-relasjoner/](#)

4. Verdisyn og barnet sin medverknad

Planen sitt verdisyn er forankra gjennom styringsdokumenta som legg føringar for barnesyn og Volda kommune sine verdier modig, raus, lærande og kompetent.

«Barn som er i stand til å danne seg egne synspunkter, skal fritt få gi uttrykk for disse synspunkter i alle forhold som vedrører barnet. Videre skal barnets synspunkter tillegges behørig vekt i samsvar med dets alder og modenhet.»

(Barnekonvensjonens artikkel 12.1)

5. Samhandling med foreldre

Foreldra vert involvert i evalueringsarbeidet av planen ved å delta på årleg undersøking via Vigilo, der opplevinga av overgangen og samanhengen vert vurdert. Skjemaet omfattar arbeidet både i barnehage og skule. I foreldremøte på hausten informerer barnehagen om plan for samanhengen mellom barnehage, skule og SFO. Foreldre får konkret informasjon om korleis den enkelte skule, SFO og barnehage samarbeider, besøk på SFO og skule, og kva informasjon dei vil få frå skulen dei skal starte på. Våren før skulestart inviterer skule og SFO nye foreldre til informasjonsmøte. Samarbeidspartane til barnehage, SFO og skule deltek fysisk eller digitalt.

6. Digitale ressursar:

- [Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis](#)
- [Stortingsmelding 6 "Tett på"](#)
- [Kva er inkludering? Statped.no](#)
- [språkløyper, udir](#)
- [Lekbasert læring](#)
- [Nynorsksenteret](#)
- [Lesesenteret | Universitetet i Stavanger](#)
- [systemperspektivet \(PPT\)](#)

7. Årshjul:

Nr	Tidspunkt	Ansvar/frist kven deltek	Innhald
1	Innan 2 år før skulestart	Styrrar/heim/ sektor oppvekst Andre samarbeids- partar	Gir melding om barn med store hjelpetbehov, som krev omfattande tilrettelegging/ombygging. Sjå også eigen rutine for dette. Lenke til compilo her . Kvar familie vert involvert i førebuing og gjennomføring til beste for det enkelte barnet
2	August/ september	styrar og rektor (ped.leiar, kontaktlærar)	Der ein får dette til, startar ein opp samarbeidet ved oppstart av nytt barnehage- og skuleår. I tillegg til ein minstestandard kan ein ha tettare samarbeid og møtepunkt der dette let seg gjennomføre
3	September	Rektor Innan 15. september Rektor 1.-15. september Styrrar Innan 30.09	Setje dato for førskuledagar for våren og gjere desse kjent for styrrarane i barnehagane. Sentrumsskulane har felles dag. Evaluering i Vigilo av føresette si oppleving av samanhengen mellom barnehage og skule Evaluerings skjema - mal Foreldremøte der styrrar/pedagogisk leiar informerer føresette om samarbeidet med skulane, informasjonsmøte for foreldre på våren, førskuledagar, informert samtykke.
4	Tidspunkt varierer	Kontakt helse- sjukepleiar	Helsesjukepleiar besøker den enkelte 1. klassen i forkant av konsultasjonane på helsestasjonen slik at elevane er kjende med

			<p>ho. Det vil vere ulik organisering i små og større einingar.</p> <p>Konsultasjon på helsestasjonen med 1. klassing og føresette</p>
5	November	Rektor og styrar, pedagogiske leiarar, kontaktlærarar i 1. kl, SFO-leiar	Basert på resultat på tilbakemeldingane i evalueringsskjema vert det vurdert om arbeidet med den siste overgangen skal drøftast vidare på felles skuleleiar- og barnehageleiar møte. (Gjort, lært, lurt).
6	Første halvår i skulen	Rektor og styrar legg til rette	Informert samtykke opnar for at kontaktlærar i 1. klasse kontaktar barnehagen barnet gjekk i for å evaluere og diskutere korleis det har gått med skulestartarane.
7	Tidspunkt varierer	Barnehagar med skulestartarar som begynner på same skule	Avtalar møtepunkt slik at skulestartarane får verte kjende med kvarandre før skulestart.
8	Februar	Sektor oppvekst Innan 15.02 Rektor/styrar	<p>Framlegg, fordeling av komande 1. klassingar i sentrum.</p> <p>Vedtak om tildeling av skuleplass i sentrum for komande 1. klassingar.</p> <p>Styrarane får informasjon om vedtaket. Styrarar melder attende om feil og manglar.</p> <p>Plan for møtepunkt og aktivitetar for skulestartarar, skule/SFO i sentrum.</p>
9	Februar	Styrar innan 1. februar Styrar, rektor	<p>Innhente informert samtykke frå foreldre/føresette (om at informasjon kan givast vidare til skule).</p> <p>Behov for tilretteleggingar ved oppstart i skule.</p>

			Oversikt over barn som er under vurdering/prosess med evn. andre instansar.
10	Februar	Den som kallar inn til TSG	TSG gjennomgår planen og tek opp spørsmål kring overgang og samanheng mellom barnehage, skule og SFO i sitt februar møte.
11	Mars	Pedagogisk leiar Styrrar Innan 15.03	Siste foreldresamtalen i barnehagen handlar om trygg og forutsigbar overgang til skulen jamfør barnets beste. Møte/samtale mellom rektor, styrrar, ped.leiar, kontaktlærar om dette er på plass, basert på behova til barna som skal starte ved den aktuelle skulen og innhald i skjema for siste samtale om samanheng mellom barnehage, skule og SFO. Styrrar og rektor har ansvar for å organisere desse møta og kven som deltek. I samråd med føresette vert det vurdert samhandling med andre samarbeidspartar som helsesjukepleiar PPT eller andre aktuelle, jf kvalitetshjul/flytskjema i Compilo
12	Mars	Styrrar	Felles organisering i sentrum for alle skulestartarane i kommunen, knytt til tema for barnehagedagen sentralt.
Søknadsfrist SFO: 15. april			
13	April/Mai	Rektor, leiar SFO, helsesjukepleiar innan 15. mai	Møte på kveld/ettermiddag (ca ein time) på skulen for heile klassa, der det er mogleg å gjennomføre. Rektor informerer styrrar ved dei aktuelle barnehagane om korleis møtet vert arrangert
14		Rektor, leiar SFO, styrrar	Besøk frå barnehagane på SFO om formiddagen.

15		Rektor og leiar SFO	Foreldremøte for dei føresette på skulen. Gjerne ha med seg PPT, helsesjukepleiar, barnevern m.fl (TSG). Rektor informerer styrarane ved dei aktuelle barnehagane om korleis møtet vert arrangert.
16		Sektor oppvekst	Foreldreskule (Gjerne digitalt) <ul style="list-style-type: none"> • Samhandling heim, SFO og skule til barnets beste? • Korleis skape gode, positive og trygge læringsmiljø i samarbeid? • Informere om COS
17	Mai	Rektor og nye kontaktlærarar	Førskuledagar Dele ut heftet "God skulestart"

8. Evaluering og justering av planen

Basert på evalueringsskjema i Vigilo av føresette si oppleving av samanhengen mellom barnehage, skule og SFO og behov i barnegruppa komande år, er det rektor sitt ansvar å formidle vidare til oppvekst dersom det er behov for å arbeide meir med dei innkomne svara. Er tilbakemeldingane gode, vert svara teke til vitende.

9. Mandat for arbeidet og arbeidsgruppe

Utarbeide plan for å sikre god og lik kvalitet for alle barn i samanhengen mellom barnehage, SFO og skule.

I planen bør ein skildre:

- sikre samheng mellom barnehage, SFO og skule
- korleis ein vil arbeide for å sikre felles forståing og kjennskap til ulike kulturar – barnesyn - verdisyn
- inkluderande aktivitetar som gir samheng og heilskap
- korleis ein skal møte barna sine behov
- minstestandard for samarbeid
- korleis ein vil involvere foreldre/føresette

- evaluere og justere plan

10. Arbeidsgruppe:

Evy Ulvestad – styrar Lauvstad barnehage (ansvar for å koordinere arbeidet i gruppa)

Frank Bergli - styrar Hjellbakkane barnehage

Eli-Mette Lüthcke – rektor Bratteberg skule

Kariann Naustdal - lærar Hornindal skule

Oddveig Bjørdal - sfo-leiar Øyra skule

Gitte Edvardsen – leiar helsestasjon